



Hege Villanger
Radøyvegen 2421
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/758 - 21/5862

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
04.03.2021

Adresseendring og adressedeling Radøyvegen 2421

Administrativt vedtak: Saknr: 135/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressedeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
428/69	H0101 (B)	Radøyvegen 2421	Radøyvegen 2421A
428/69	U0101 (B)	Ingen	Radøyvegen 2421B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Kommunen er gjort kjent med at dette huset i dag framstår som einebustad med utleigehusvære- bygningstype 112 og ikkje einebustad – bygningstype 111, slik som det var godkjent.

Vurdering

Kommunen har av eige initiativ retta bygningstype i matrikkelen, og har registrert bueining i underetasje med tildelt adressa Radøyvegen 2421B. Adresse til bueininga i Hovudetasjen må då endrast til Radøyvegen 2421A.


De har fått førehandsvarsel om adresseendringa i brev dat.28.02.21. Det er ikkje komme noko tilbakemelding/ merknad på førehandsvarselet og adresseendringa vert difor gjennomført.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Radøyvegen.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendinga frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendinga til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/758

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hege Villanger

Radøyvegen 2421

5937

BØVÅGEN